

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 8.desember 2020

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 8.desember 2020 kl. <u>17.00-20.00</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Heine Kaldefoss

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løking, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernnes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

SAKLISTE

2020/50- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2020 / 51-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 20.oktober

Vedtak: Godkjent

2020/52 – 350: Kyrkjelydspedagog Elisabeth Fauskanger orienterer om arbeidet ho gjer som Kyrkjelydspedagog.

Saksutgreiing: Soknerådet inviterer tilsette i staben for å orientere om arbeidet, seia noko om tankar og draumar framover og om kva dei forventar av oss i soknerådet. Til dette møtet var Elisabeth Fauskanger, som er kyrkjelydspedagog i Nysæter kyrkje, invitert.

På møtet hadde me særleg fokus på trusopplæringsarbeidet og OVF-satsinga framover, (OVF=Opplysningsvesenets fond).

Me fekk ei grundig og informativ orientering om trusopplæringa i Nysæter og Stord, om stor aktivitet før corona og store endringar og utfordringar under corona. Elisabeth er realistisk på tiltak ho set i gang med tanke på dei restriksjonane som er. Møtepunktta vert redusert, og dei ho vel å arrangere vert ute. Samstundes held ho fast i draumane om at me ein dag skal fortsetje med dei tiltaka me var komme i gang med før coronatida, m.a. «mat og prat», babysong, kyrkjemiddag, open kyrje, open dag for 1.-3. klasse (ein planleggingsdag).

Soknerådet er svært takksam for arbeidet trusopplærarane gjer og ynskjer støtta, jobba saman med og ha ein konstruktiv open, trygg dialog vidare framover slik me opplever det no.

2020/53 -310: Gudstenestelista 2021.

Saksutgreiing: Framlegg var utsendt med sakspapira.

Vedtak: Soknerådet vedtek den framlagde gudstenestelista.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 8.desember 2020

2020/54-317 : Offerliste 2021

Saksutgreiing: Framlegg var utsendt med sakspapira.

Vedtak: Soknerådet vedtek den framlagde offerlista.

2020/55 - 308: Veggen vidare - Spira

Saksutgreiing: Spira er eit felles kyrkjelydsblad for Stord og Nysæter sokn. Nysæter sokneråd vedtok dette budsjettåret å støtte utgivinga med kr. 15.000,- Bladet er avhengig av støtte frå soknerådet då dei ikkje får nok sponsormidlar eller gjevarinntekter til å kunne gje ut bladet. Vår utfordring er om me vil halde fram med å gje støtte til utgivinga og eventuelt kor mykje me vil budsjettere.

Vedtak: Soknerådet takkar for godt arbeid i redaksjonen og støttar utgjevinga av «Spira» med kr 15000,- i budsjettåret 2021.

2020/56 – 120: Budsjett 2021.

Saksutgreiing: Framlegg til budsjett 2021 vart sendt ut med sakspapira.

Vedtak: Med små justeringar i utkastet vart budsjettet for 2021 vedteke slik vedlegget viser. Soknerådet ynskjer å satsa på rekruttering av ungdomar i kyrkjelyden og viser dette i budsjettet med å auka post «1500 Kurs» til kr10 000,-

Vedlegg 1

2020/57 – 411: Stolar i Nysæter kyrkje.

Saksutgreiing: Nysæter soknerådet vedtok innkjøp av 350 stolar av typen Faktor frå Fyresdal: tre, stoff Sellegren Krus nr 513. Soknerådet har sendt saka vidare til fellesrådet som har gjort det endeleg vedtak og sender saka vidare til Biskopen for godkjenning. Biskopen har godkjent planen om innkjøp og stolval. Soknerådet må vidare ta stilling til kva me gjer med dei noverande stolane.

Vedtak: Når dei nye stolane er komne, legg me dei gamle stolane ut for sal på Finn til kr 100,- pr stk. Ansvarleg: AU/kyrkjeverje.

2020/58 - 002.3 : Val av leiar og nestleiar

Saksutgreiing: Soknerådet vel leiar og nestleiar kvart år.

Vedtak: Samrøystes attval:

Leiar: Marit S. Grimstad, nestleiar: Oddbjørg Løkling.

2020/58 – 010: Møteplan vår 2021

Vedtak: Møteplanen for våren 2021 vert slik:

AU:19.01 Soknerådsmøte:02.02

AU: 11.03 Soknerådsmøte: 23.03

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 8.desember 2020

AU: 13.04

Soknerådsmøte:27.04

AU: 18.05

Soknerådsmøte: 08.06

Alle møta er kl 17.00 – 19.00 om ikkje anna vert gitt melding om.

- **Referat og meldingar:**

- Møtebok frå Fellesrådet 28.okt
- Referat frå møte i arbeidsgruppa «frivillighet», 12.11.2020

- **Generell info:**

- Kyrkjelege aktivitetar framover
 - Smittevern
- Gudstenestene framover
- Nysæter kyrkje – 30 års jubileum desember 2021
- Kyrkjebasar haust 2021
- Døgnet

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsløiar
Sign

Oddbjørg K. Løking
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 2.februar kl 17.00

Kaffi: Marta Kristin Valvatne

Opning: Karen Valvatne